



Bladstyrar for det handskrivne lagsbladet Daltrekk var Thor Inge Døssland.

Daltrekk og amatørteater var som oftast eit fast innslag på festane i ungdomslaget før. Begge desse innslaga var med i programmet på haustfesten for snart to veker sidan. Thor Inge Døssland var bladstyrar for Daltrekk, eit handskrive blad med tradisjonar tilbake til byrjinga på 1900 talet. Teatararbeid og tablå på scenen har engasjert mange, særleg i tida etter 1945.

Lagsbladet i Uskedal Ungdomslag fekk namnet Daltrekk og fyrste nummeret kom i 1901 med Lars Wang som bladstyrar. Han styrde bladet i mange år og saman med Andreas Bjelland, skreiv dei det meste sjøle.. I nyare tid gjekk Daltrekk på omgang og på lagsmøta vart neste skribent peika ut.

Thor Inge Døssland hadde gode førsetnader for å skriva Daltrekk til haustfesten, samfunnsengasjert som han er. Dessutan har han vore leiar i ungdomslaget i to periodar. I framføringa si minnest han som liten gut møte med ungdomslaget alt i 1961, på ein fest der borna fekk vera med foreldra på programdelen. Særleg spelstykke med kjende personar i viktige roller gjorde inntrykk. Frå den aktuelle notisdelen var Thor Inge innom det siste kommunevalet, rådmannssaka og det at den godt likte ordførarane ikkje tok attval.



Dramatisering av teksten De mann for eit kast av Johannes Kleppevik. F.v: Bjørgulv Eik, Gunvald Friheim, Magne Eik, Ivar Kåre Døssland, Kåre M. Rød og Kjell Borge Olsen.

Appellen til slutt handla om det å ta vare på og skriva stadnamna slik dei vert uttala. Det heiter ikkje Ulvenosa med o, men Ulvanåso. Det er sjeldan at lang å - lyd vert skriven med o. Likeins skal det vera Børsdalen og ikkje Bergsdalen, slik det står på kartet frå Statens kartverk.

Ei framføring av Kleppevik sin tekst De mann for eit kast fekk god mottaking. Rustne Menn kompa og fiskarane med skipper og bas dramatiserte innhaldet i visa på scenen, ein levande gjeng med godt humør som enda opp på restaurant i Haugesund. Det gjekk slik visa sluttar: *Løten den var stor, men pengane dei for.*

Måtte denne vesle dramatiseringa inspirera til meir bruk av scenen i Helgheim. Huset er som skapt for revy, tablå og kabaret. Med noko meir lys og sceneutstyr ligg alt til rettes for ei gjensking av det som var den store aktiviteten i ungdomslaget, nemleg amatørteater av ulikt slag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Astrid Haugse/ Kristian Bringedal